

Samferdselsdepartementet

Ref.nr. 20 /2005-2006

T i l r å d i n g

- 1. Tildeling av konsesjon for oppretting og drift av eit digitalt trådlauast bakkebasert sendaranlegg for kringkasting og løyve til bruk av frekvensar i 470-790 MHz bandet for etablering av eit elektronisk kommunikasjonsnett basert på DTT teknologi, til Norges televisjon as på vilkår som går fram av vedlagte utkast til konsesjon.**
- 2. Delegasjon av myndigheit til Samferdselsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet til å giere enkelte mindre endringar i konsesjonen etter at den vert lagt fram for Norges televisjon as for merknader.**

Godkjend i statsråd 2. juni 2006.

HG
JCK

Samferdselsdepartementet KONGELEG RESOLUSJON

Statsråd: Liv Signe Navarsete

Ref.nr.: 20 /2005-2006

Dato: 02.06.2006

**TILDELING AV KONSESJON FOR OPPRETTING OG
DRIFT AV EIT DIGITALT TRÅDLAUST BAKKEBASERT
SENDARANLEGG FOR KRINGKASTING OG LØYVE TIL
BRUK AV FREKVENSAR I 470-790 MHZ BANDET FOR
ETABLERING AV EIT ELEKTRONISK
KOMMUNIKASJONSNETT BASERT PÅ DTT
TEKNOLOGI, TIL NORGES TELEVISJON AS**

1. Sakshandsaming

Ved drøftinga av St.meld. nr. 44 (2002-2003) om digitalt bakkenett for fjernsyn, jf. Innst.S.nr. 128 (2003-2004), uttalte stortingsfleirtalet at "de ser nødvendigheten av fortsatt satsing på jordbundet kringkasting i Norge og at dette forutsetter gjennomføringen av et teknologiskifte i bakkenettet fra analog til digitalt distribusjon i nær fremtid". Stortinget slutta seg samstundes i hovudsak til dei kriteria som Regjeringa Bondevik II identifiserte i meldinga, og som måtte vere oppfylte for at myndighetene kunne gi kringkastarane klårsignal for å avvikle dei analoge sendingane og tildele eit digitalt bakkebasert kringkastings- og frekvensløyve.

Konsesjonsmyndigheiter er Samferdselsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet i fellesskap. Anleggskonsesjon etter kringkastingslova og frekvensløyve etter ekomlova vart lyst ut samla, både i 2002 og i 2005.

Konsesjon vart lyst ut for annan gong 30. juni 2005 med frist for innlevering av søknad 30. september same år. Det kom berre inn ein søknad innan fristen, frå Norges televisjon as ("NTV"). Eigarane til NTV er NRK, TV 2 og Telenor Broadcast i fellesskap, kvar med ein tredjedel eigarskap.

Både Post- og teletilsynet og Konkurransetilsynet har hausten 2005 vurdert søknaden til NTV, og kome til at det innanfor dei rammer som vert sette av myndighetene ved utlysing samt at det

i praksis berre er ein søkjær som vil byggje nettet, er positivt at det digitale bakkenettet vert bygd av søkjaren, sjølv om eigarkonstruksjonen til NTV ikkje framstår som ideell ut frå konkurranseomsyn aleine.

2. Vurdering

Samferdselsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet har ved vurderinga av søknaden lagt særleg vekt på søkjaren sitt tilbod målt opp mot dei minimumsvilkåra som vart fastsette av myndighetene ved utlysinga. Myndighetene har funne at søkjaren har oppfylt alle kriteria som vart fastsette ved utlysinga.

På bakgrunn av denne vurderinga tilrår

Samferdselsdepartementet at det vert tildelt konsesjon for oppretting og drift av eit digitalt, trådlaust bakkebasert sendaranlegg for kringkasting og løyve til bruk av frekvensar i 470-790 MHz bandet for etablering av eit elektronisk kommunikasjonsnett basert på DTT teknologi, til Norges televisjon as gjeldande til 2. juni 2021 med slikt rettsleg grunnlag og på dei vilkår som går fram av det vedlagte utkast til konsesjon.

3. Konsesjonsvilkår

Konsesjonsvilkåra som gir rettar og pliktar for NTV går fram av vedlagte utkast til konsesjon.

Lov om elektronisk kommunikasjon set grensar for myndighetenes handlingsrom ved tildeling av konsesjonar. I tillegg til forpliktingar søkjaren uttrykkeleg har påteke seg, er det berre tillatt å stille vilkår som er i samsvar med ein kort uttømmende liste som går fram av ekomloven § 6-3.

Hovudpunktata i konsesjonsvilkåra omfattar i tillegg til tidspunkt for når konsesjonen byrjar å løype, varigheit og konsesjonen sitt saklege omfang, også krav til 95 % dekning der folk bur, hastigkeit for utbygginga og frekvenskapasitet, sanksjonsvilkår samt pålegg om betaling av gebyr. Vidare følgjer det av konsesjonsvilkåra at konsesjonären må rapportere årleg om utbyggingspliktane vert fulgt opp.

Kapittel 3 i konsesjonen inneholder i hovedsak kulturpolitisk grunna vilkår knytt til korleis frekvenskapasiteten vert nytta, m.a. er det fastsett plikt til å formidle visse kanalar og digital meirverdi samt vilkår om forbrukartiltak (informasjonstiltak, kundeservice, tilgang til mottakarar med meir). Sentrale kulturpolitiske vilkår vil vidare verte fastsette i vilkåra for avvikling av NRK sine analoge signaler og vilkår om formidlingsplikt i forskrift med rettsleg grunnlag i kringkastingslova. Medietilsynet fører tilsyn med at vilkåra i kapittel 3 vert oppfylt.

Kapittel 4 i konsesjonen inneholder i hovedsak telepolitisk grunna vilkår, m.a. knytt til bruken av frekvensane, inkludert dekning, utbyggingstakt, og interferens, samt krav knytt til beredskap, konkurranseomsyn (tilgang), miljøomsyn og krav om spesifikasjonar for digital-tv-mottakarar. Post- og teletilsynet fører tilsyn med at vilkåra i kapittel 4 vert oppfylt.

Tilsyna kan setje i verk sanksjonar etter anten kringkastingslova eller ekomlova, samt fastsetje tvangsmulkt, avhengig av kva vilkår i konsesjonen som ikkje vart oppfylt av konsesjonæren. Myndighetene kan dessutan trekke tilbake konsesjonen innan den lauper ut ved m.a. gjentatte og/eller alvorlege brot på konsesjonsvilkåra, med grunnlag i kringkastingslova § 10-4 og ekomlova § 10-8.

I samsvar med utlysinga og vanleg praksis for konsesjonstildelingar skal utkast til konsesjon verte lagt fram for konsesjonæren for merknader. På denne bakgrunn vert det tilrådd at det samstundes med konsesjonstildeling vert delegert myndighet til Samferdselsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet til å gjere enkelte mindre endringar i dei vilkår som er lagt ved, etter at dei er lagt frem for NTV for merknader med ein kort frist.

Samferdselsdepartementet

til rår:

1. Tildeling av konsesjon for oppretting og drift av eit digitalt trådlaust bakkebasert sendaranlegg for kringkasting og løyve til bruk av frekvensar i 470-790 MHz bandet for etablering av eit elektronisk kommunikasjonsnett basert på DTT teknologi, til Norges televisjon as på vilkår som går fram av vedlagte utkast til konsesjon.
2. Delegering av myndigheit til Samferdselsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet til å gjere enkelte mindre endringar i konsesjonen etter at den vert lagt fram for Norges televisjon as for merknader.

*Statsministerens kontor
Bifalt ved
kongelige resolusjon*

av 2. juni 2006

Fordratt av statsråd Riis-Fabausen

Nina Frisak